


MODALEN KOMMUNE

Ope landskap

Pilotprosjekt, beiting med geit

Modalen kommune





Innhald

Bakgrunn	3
Om prosjektet.....	4
Prosjektperiode	5
Mål.....	5
Deltakarar og organisering	5
Gjennomføring:	5
Tidsplan	5
Mai.....	5
Juli.....	6
Haust.....	6
Budsjett og finansiering.....	7
Evaluering og rapportering.....	8



Figur 1 Bilete tatt frå tursti, juni 2021




Bakgrunn

Det er vedteke at dagsturhytta skal plasserast i området Steinavatnet.

Aktuell tilskomst er sti som ligg på vestsida av vatnet, men det er mogleg å gå rundt vatnet. Området er prega av mykje småbjørk og terrenget ber preg av attgroing og har behov for skjøtsel

Modalen kommune v/ teknisk etat/landbruk ynskjer difor å settje igong eit pilotprosjekt med beiterydding ved hjelp av geit og ny beiteteknologi på turstien. Geit er godt eigna til oppgåva då dei et mykje busker og kratt, dei vil slik gjenopne og halde ved like vegetasjon rundt og langs stien og gjera turopplevinga endå betre, samt opne opp att og halda i hevd kulturlandskapet.

Strategisk næringsplan for Modalen 2017-2021 skal stimulera til at det er attraktivt å driva næringsaktivitet i Modalen. Det er særleg to mål som er relevant for dette prosjektet: Modalen skal utvikla bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar og Modalen skal utvikla eksisterande og nye reiselivsprodukt. Prosjektet vil vera med å fremje næringsaktivitet i kommunen. Det tar i bruk i ny teknologi og vil vere ein bidragsytar til nyskaping og vidareutvikling innanfor denne type verksemdar .



Figur 2 Kart over område



Om prosjektet

På grunn av ny beiteteknologi med virtuelle gjerder og elektroniske GPS klavar til dyra har det opna seg moglegheiter for styrt beiting som tidlegare ikkje har vore så lett å få til i praksis.

Dyra har ein klave rundt halsen som er programmert slik at dei kun får opphalda seg i eit bestemt område, dei vil få eit lydvarsel når dei nærmar seg grensa og viss dei prøver å gå ut av beiteområde vil klaven fungera som eit vanlig elektrisk gjerde, ved at dyra får støyt. Denne teknologien har vist seg å vere svært effektiv og dyra lærer systemet raskt å kjenna.

Dette gjer at ein no kan beite med geit i område som tidlegare har vore nært sagt umogleg å gjerde inne, samt at ein slepp å ha alle desse gjerda ståande i tursti, det er difor heller ingen grindar o.l. som brukarar av stian kan gløyme å lukka att.

Det vil bli merka på strategiske plassar langs turstien for å informera folk om at er geiter på beite og korleis dei skal forhalda seg seg mtp ferdsel, hundar i band m.m.

Geitene som er tenkt brukt i prosjektet i denne omgong, er av rasa Boergeit og er ei relativt stor, men roleg og folkekjær geit som nok vil skape mange fine turopplevingar for folk som nyttar turstien.

Det vil også gje folk moglegheit til å sjå kulturlandskapspleie på nært hald, som kan vera ein god kunnskaps- og relasjonbyggjar mellom folk og landbruk.

Prosjektet støttar opp rundt kringliggjande lokalt næringsliv, då det er eit føretak frå Eksingedalen som leiger ut geiter til kommunen



Figur 3 Boergeita er sosial og vennleg (foto: Lars Bjarte Nesheim)



Arbeidsgruppa har vore i kontakt med grunneigarane i området, beitelag og Mattilsynet ang prosjektet og dei var alle positive til tiltaket
Det vil bli teke omsyn til beiting med sau i området i samråd med beitelaga.

Beiting med geiter i attgrodd landskap vil kunne gje betre beiteområde for sau på sikt då det vil fremma veksten av beiteplantar som sauven kan nytte seg.

Prosjektperiode

01.05.2021 – 01.01.2022

Mål

-Bruka geit til kulturlandskapspleie for å opna arealet langs stien. Området rundt Steinavatnet er i attgroing. I samband med plassering av dagsturhytta er det eit godt høve til å rydda å gjera turstien og arealet rundt meir tiltalende for dei som ferdast.

-Dokumentera før og etter.

-Formidling av erfaring.

Deltakarar og organisering

Arbeidsgruppe: Njål Eidsnes, Maya Greve, Laila Bjørge, Tone S. Skuggevik v/
Modalen kommune

Føretak: Prosjektet er eit samarbeid med dyreeigarane Evelyn Gullbrå, Kjetil Vassenden, Gøril Kvinge Nesheim og Lars Bjarte Nesheim

Org.nr 977 06 4422

Arbeidsgruppa organiserer og rapporterer prosjektet, fordeler oppgåver seg i mellom og tek kontakt med personar som må involverast undervegs, samt har jamnlege møter etter behov og løpande dialog med dyreeigar

Føretaket som blir innleigd for å utføra beitinga har ansvar for å transportera dyra inn og ut av beiteområde, tilsyn og oppfølging av dyra undervegs

Gjennomføring:

Tidsplan

Mai


-Oppstartsmøte

-Arbeidsmøter for prosjektgruppa

-Møte med utleigar av geiter

-Dialog med grunneigarar, beitelag og Mattilsynet

-Skrive projektskisse og budsjett



- Avklare finansiering
- Melde sak opp til politisk handsaming

Juni

- Få på plass avtale med dyreeigar, forventningar, ansvarfordeling, pris, varighet
- Få på plass avtalar med grunneigarar og beitelag – forventningar og kva bør avtale innehalda
- Synfaring beiteområde, dokumentere tilstand før oppstart
- Oppstart beiting
- Formidla og informera turgåarar om at det er geiter på beite

Juli

- Dokumentere framdrift i prosjektet
- Oppfølging

Juli/august

- Jamnleg oppfølging
- Etterrydding og fjerning av nedbeita tre

Haust

- Rapportering
- Dokumentere korleis arealet ser ut etter beiting
- Evaluere
- Formidle
- Vegen vidare?





Budsjett og finansiering

Geitene som skal beite vil bli leigd inn frå eit føretak som tar jobben med tilsyn, stell og andre driftskostnadar knytt til beitinga, som til dømes bruk av dei elektroniske klavane.

Pris pr geit/ pr døgn er budsjettert til 50 kr inkl MVA.

Dette er vaksne boergeiter med geitekillling gående med seg.

Det vil gå med ein del tid i administrasjon og prosjektleiing. Mest innleiingsvis med prosjektplanlegging, synfaring og organisering, samt undervegs med dokumentering og løpande oppfølging av prosjektet og i etterkant med rapportskriving, evaluering og formidling av prosjektet.

Arbeidet blir fordelt på arbeidsgruppa.

Det er også sett av nokre midlar til beiterydding for å gjennomføra noko etterydding av tre og buskvekstar som geitene har beita ned men der til dømes stammen blir ståande att. Det er usikkert kor mykje arbeid dette vil vere før vi har synfart arealet. Dette har ikkje vore mogleg til no på grunn av snødekke.

Budsjettet er eit estimat på kostnadar, men det er usikkert før vi har komme i gong med dette pilotprosjektet kor mange geiter vi treng på kor stort område, og evt kor lenge for å oppnå ynskja effekt.

Estimatet på kostnadar knytt til beiting og antal geiter er laga med innspel frå føretaket som leiger ut geitene

Budsjett	
6 geiter, 3 mnd	30 000
Prosjektleiing	15 000
Beiterydding/etterrydding	5 000
Administrasjon/Formidling	5 000
Før-/etterarbeid prosjekt	5 000
sum:	60 000

Finansieringsplan	
Teknisk/landbruksavdelinga	30 000
Næringsfondet	30 000
Sum:	60 000



Evaluering og rapportering

Arbeidsgruppa dokumenterer prosjektet undervegs med bilete- og anna relevant dokumentasjon

Det vil bli skriva ein rapport som vil sjå på resultatane av prosjektet, kva erfaringar vi gjer oss og evaluering av heile prosjektet. Både organisering, resultat og dei økonomiske rammene rundt arbeidet.

